



Invitasjon til

Landsmøte 2023

Framtid for frilynt
folkehøgskule

31. mai – 2. juni, Sogndal folkehøgskule

 Folkehøgskole
forbundet

Velkommen til Landsmøte i Folkehøgskoleforbundet

Framtid for frilynt folkehøgskule

Framtida til folkehøgskulen i Norge har blitt gitt retning i NOU 2022: 16 *En folkehøgskole for alle*. Folkehøgskulen som ein demokratisk dannelsesinstitusjon blir utfordra både ideologisk, fagleg og økonomisk for å sikre at skuleslaget rommar eit representativt utval av norske ungdommar. Skuleslaget vil framleis ha fagleg og ideologisk fridom, og dette utfordrar oss alle til å ta ansvar og bidra til ein «*Framtid for frilynt folkehøgskule*». Folkehøgskulerørsla sitt arbeid blir verkeleggjort og skapt i det daglege - i møtet mellom tilsette og elevar.

Folkehøgskulen skal vere eit positivt bidrag i ein verdssituasjonen med store utfordringar. Både politikk, krigshandlingar og ei teknologisk utvikling i stor fart, utfordrar demokrati og demokratisk tenking på ulike frontar. I tillegg er temaet frå landsmøtet i 2019, *Folkehøgskulen i front for det grønne skiftet*, like aktuelt i dag. Samtalar omkring organisasjonsmessige og skulepolitiske spørsmål blir også satt på dagsorden.

På landsmøtet i Sogndal vil vi invitere til samtalar med fokus på folkehøgskulen si framtid i ulike perspektiv. Kva konsekvensar kan ein ny formålsparagraf ha for skuleslaget? Korleis kan folkehøgskulen vere både medkraft og motkraft, korleis møte den teknologiske utviklinga med kunnskap, refleksjon og ein pedagogikk som utfordrar elevane og fremjer folkeleg opplysning?

Tidlegare rektor på Nansenskolen Dag Hareide vil bidra på landsmøtet med ein kveik knytt til hans siste bok: *Mennesket og teknomaktene*.

I samarbeid med Sogndal folkehøgskule ynskjer Folkehøgskoleforbundet deg velkomen til møtedagar med viktige og spennande tema, onsdag 31. mai til fredag 2. juni 2023. Omkransa av flott natur, har skulen lagt til rette for møtedagar med kulturelle innslag, utflukt til *De Heibergske samlinger* og nydeleg bevertning.

Alle medlemmer i Folkehøgskoleforbundet kan møte og er hjarteleg velkomne på landsmøtet. Stemmerett er knytt berre til delegatane, som får reise- og opphald dekka av FHF sentralt. (jf. vedtektene § 8. Sjå også FHF-rundskriv 4/2023).

Påmelding for delegatar skjer etter eigne reglar i vedtektene innan 1. mars. Andre melder seg på landsmøtet til Folkehøgskoleforbundet innan 1. mai.

Vel møtt til viktige og inspirerande dagar saman med engasjerte kollegaer!

Med beste helsing, Styret i Folkehøgskoleforbundet ved:

Einar Opsvik
leder

Angelina K. Christiansen
generalsekretær

Program

Onsdag 31. mai 2023

Ankomst/registrering

- Kl. 12.00 Lunsj
- Kl. 13.00 Åpning av landsmøte 2023
- Kl. 13.30 Mennesket og teknomaktene (*Dag Hareide*)
- Kl. 15.00 Landsmøtesaker
- Kl. 16.00 Samtalesalong med utgangspunkt i leiers tale
- Kl. 16.30 Meldingar for perioden 2021—2023
- Kl. 17.30 Nytt får FHRS
- Kl. 19.00 Middag

Torsdag 1. juni 2023

- Kl. 07.00 Tilbud om felles morgontrim
- Kl. 08.00 Frukost
- Kl. 09.00 Morgonsamling
- Kl. 09.15 Landsmøtet uttaler
- Kl. 09.30 Landsmøtesaker forts.
- Kl. 11.00 Kaffipause
- Kl. 11.30 Speakers corner
- Kl. 12.30 Lunsj
- Kl. 14.00 Tema: Framtid for frilynt folkehøgskule
- Kl. 15.00 Museumsbesøk
- Kl. 18.00 Bokbad; «Uten fasit»
- Kl. 20.00 Landsmøtemiddag med fesstalar og helsingar

Fredag 2. juni 2023

- Kl. 07.00 Tilbud om felles morgontrim
- Kl. 08.00 Frukost
- Kl. 09.00 Morgonsamling
- Kl. 09.30 Tema: Framtid for frilynt folkehøgskule, forts.
- Kl. 11.00 Val
- Landsmøtet avsluttast
- Kl. 12.30 Lunsj og avreise (transport til flyplassen)



Vi ynskjer alle hjarteleg velkomne til Sogndal folkehøgskule!

Sogndal folkehøgskule er ein frilynt skule med rom for ulike livssyn. Skulen hadde 150 års jubileum i 2021. Skulen gir unge menneske høve til personleg utvikling gjennom opplevingar, meistring og glede. Skulen vektlegg fagleg breidde og høgt fagleg nivå og held desse verdiane høgt: *raus, open, ansvarleg og trygg*. Sogndal FHS har eit stort fokus på berekraft og desse dagene vil dykk få kjenne smaken av dette.

Kostnadar

For delegatar, forbundsstyret blir reise og opphald dekkja av forbundet sentralt.

Delegatar meldast via lokallaga innan

1. mars 2023 til angelina@folkehogskole.no.

Vi plasserer alle på enkeltrom – så langt det rekk.

For andre medlemmer, ikkje delegatar, pr. pers., inkl. mva:

Opphald i enkeltrom med eige bad: kr 3.000,-

Opphald i enkeltrom med felles bad: kr 2.650,-

Opphald i dobbeltrom med eige bad: kr 2 500,-

Opphald i dobbeltrom med felles bad: kr 2.350,-

Eventuelt tilslutningsdøgn før eller etter, inkl. frukost: kr 700,-

Påmelding innan 1. mai 2023 skjer her:

angelina@folkehogskole.no

*Hjarteleg velkomen til landsmøtet
og Sogndal folkehøgskule!*



Helgheimsvegen 9, 6856 Sogndal

☎ 57 62 75 75

✉ sogndal@sogndal.fhs.no

www.sogndal.fhs.no



Brugata 19, 0186 Oslo

☎ 22 47 43 00

✉ fhf@folkehogskole.no

www.folkehogskoleforbundet.no